



Statens vegvesen

Fylkesmannen i Vestland
Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Marianne Skulstad / 55516253

Vår referanse:
16/177239-11

Dykkar referanse:

Vår dato:
30.07.2019

Varsel om motsegn – Områdereguleringsplan for Lonena – Gnr. 185 bnr. 284 – Lindås kommune – PlanID 1263-201610

Vi viser til brev om offentleg ettersyn av områdereguleringsplan for Lonena, datert 05.06.2019. Merknadsfrist er sett til 31.07.2019.

Statens vegvesen vurderer at tema som gjeld våre interesser som fagmynde for vegtransport, herunder trafikktryggleik, ikkje er ivaretatt i framlegg til områdeplan for Lonena.

Rekkefølgekrava i områdereguleringsplanen ivaretek ikkje trafikktryggleiken i stor nok grad når det gjeld trygg ferdsle i kryssområde og framkomst på hovudvegnettet. Denne motsegna er knytt til vår rolle som statleg fagmynde med sektoransvar for trafikktryggleik og framkomst.

Vår rolle

Statens vegvesen skal sørge for at føringar i Nasjonal transportplan (NTP), statlege planretningslinjer for samordna bustad-, areal og transportplanlegging, vegnormalane og andre nasjonale og regionale arealpolitiske føringar vert ivaretekne i planlegginga. I denne planen uttalar vi oss som statleg fagstyresmakt med sektoransvar innanfor vegtransport, deriblant trafikktryggleik, som forvaltar av riksveg på vegne av staten og som forvaltar av fylkesveg på vegne av fylkeskommunen.

Om områdeplanen

Lonena er lokalisert i nordre del av regionsenteret Knarvik, sør i Lindås kommune. Planområdet er i dag ikkje bygd ut, men ligg i nær tilknytning til utbygde delar av Knarvik. Området består i dag i hovudsak av våtmarksområdet Lona og er eit populært turområde.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Postboks 43
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

Planområdet har to tilknytingspunkt til overordna vegnett. I søraust er området knytt til E39, gjennom ukanalisert kryss med Lonsvegen. I vest er området knytt til fv. 57 gjennom delvis kanalisert kryss med Juvikstølen.

Føremålet med områdereguleringsplanen er å legge rammer for utvikling av nye bustadområde og samstundes ta i vare større delar av friluftssareala i Lonena. Områdeplanen skal leggje rammer for kva areal som kan utviklast til bustadføremål og kombinerte føremål, og kva areal som ikkje skal byggjast ut. I føresegnene er det sett plankrav til alle byggjeføremål, som gjev nokre rammar for kva som skal tydeleggjerast og avklarast vidare i detaljreguleringsplanar.

Statens vegvesen er positiv til at Lindås kommune vil byggje opp under regionsenteret, og leggje til rette for fleire og varierte bustader sentralt i kommunen. Dette støtter oppunder kommunens arbeid med gode og trygge gang- og sykkelakser i regionsenteret. Samstundes meiner vi at områdeplanen i større grad burde løfte opp og avklare krav knytt til områdets tilknytning til overordna vegnett.

Våre tilbakemeldingar til planarbeidet

Statens vegvesen har i fleire høve diskutert områdeplanen med Lindås kommune, mellom anna i planforum 28.05.2019. Vi har gitt tilbakemelding om at begge tilknytingspunkta til overordna vegnett må utbetrast, og har difor bede om at plangrensa vart endra slik at kryssa med E39 og fv. 57 vert del av områdeplanen for Lonena. Målet med dette var å sikre at rekkefølgjekrava som vert sett var tilstrekkeleg utgreidd og kan gjennomførast. Lindås kommune har valt å ikkje ta dette inn i områdeplanen.

Andre stader, også i Lindås kommune, har vi døme på rekkefølgjekrav som ikkje er tilstrekkeleg utgreidd og kostnadsrekna i planfasen, der ein i ettertid må vurdere løysingar som ikkje er i samsvar med krava. Statens vegvesen er kritisk til at ein vel å ikkje regulere kryssområda når ein veit at behovet for utbetring er tilstades allereie i dag. Etter vår vurdering gir dette også ein mindre føreseieleg situasjon for utbyggerane i området, som risikerer at rekkefølgjekrava viser seg å vere så omfattande at byggjeområda vert ulønsame. Vi viser i den samanheng til at kommunen skal sikre at rekkefølgjekrav skal stå i rimeleg samsvar med tiltaka som skal iverksetjast. Etter vår vurdering må kryssområda regulerast for å sikre dette, slik at arealbehov er avklart og teknisk tilpassing av vegelementar, til dømes gangkulvert ved E39, er vurdert.

Vi viser til følgjande utdrag av referat frå planforum 28.05.2019 (vår understreking):

«Statens Vegvesen meiner det er ein utfordring at planen ikkje er tydeleg på kor mange bustader den opnar for. Dette gir utfordringar med tanke på å vurdere trafikksituasjonen. Å vurdere dette i kvar einskild detaljregulering vil ikkje vere tilfredstillande. Statens vegvesen vil krevje tydelege rekkefølgjekrav til utbetringar av begge kryssa, både ved FV 57 og E39. Krav om lysregulering ved FV57 må vere på plass før utbygging kan skje, men maks 100 einingar vil kunne bli tillat før venstresvingefelt frå E39 må være på plass. Behovet er der eigentleg allereie. I tillegg

må ein fastsetje ei grense for maksimal utbygging i området før kryss ved fv. 57 skal vere avlasta.»

I høyringsperioden mottok vi e-post frå sakshandsamar i Lindås kommune, som informerte om at planen vart politisk 1. gongshandsama i Plan- og miljøutvalet (PMU) 29.mai, dagen etter at den var oppe i regionalt planforum. I møtet vart PMU orientert om signala frå Statens vegvesen. Desse signala vart ikkje vurdert ved 1. gongshandsaming i PMU, men vil bli tatt inn i høyringsperioden.

Statens vegvesen meiner det er uheldig at kommunen fremjar ei sak i planforum så seint at ein ikkje har tid til å endre planframlegget før politisk handsaming. På bakgrunn av dette må vi difor ta stilling til framlegget slik det føreligg i høyringa, noko som er stadfesta av kommunen på e-post. Vi stiller spørsmål ved kva som er føremål med framlegginga i planforum når tilbakemeldingane ikkje vert vurdert, og om dette gir ei forsvarleg sakshandsaming.

Kryss med E39

I planarbeidet er det gjort ei trafikkvurdering for kryssområda med overordna vegnett (Helge Hopen, «*Områderegulering Lonena, Knarvik. Trafikkvurdering*»). Om krysset mellom kommunal veg Lonsvegen og E39 står mellom anna:

«Samlet vurdert er det dokumentert tilstrekkelig kapasitetsreserve i kryssområdet, men manglende venstresvingefelt på E39 gir redusert flyt for E39-trafikken og bidrar til økt risiko/utrygghet knyttet til bl.a. påkjøring bakfra-ulykker.»

Trafikkmengda på E39 ved Lonsvegen er allereie i dag over grensa for når ein rår til å etablere venstresvingefelt, jf. handbok *N100 Veg og gateutforming*, kap. D.1.1.3 Venstresvingefelt. Vi har difor bedt om rekkefølgjekrav om venstresvingefelt i krysset, for å unngå at trafikkveksten medfører fleire trafikkulukker i tilknytning til krysset, og for å sikre god framkome på E39. Etter ei konkret vurdering har vi kome fram til at vi maksimalt kan tillate at trafikken frå Lonsvegen aukar med trafikk til 100 nye bueiningar, før venstresvingefelt må vere ferdig bygd. Dette gjeld uavhengig av om auken skjer innanfor avgrensinga til områdeplanen, eller frå andre område langs Lonsvegen. Kommunen kan vurdere å løyse kravet gjennom utbyggingsavtale, men med eit maksimal tal på 100 nye bueiningar før tiltaket må vere ferdig bygd.

Lindås kommune legg til grunn at dette kan løysast gjennom framlegg til plankrav for delområda, der det er sett krav om oppdatert trafikkanalyse, jf. § 3.1 e):

«Oppdatert trafikkanalyse. Ein må ha særskilt fokus på innslagspunkt for tiltak/endra/tilpassa tiltak ved Fv57 og E39.»

Statens vegvesen meiner dette ikkje er tilstrekkeleg, og viser til at trafikkmengda allereie i dag er over innslagspunktet for venstresvingefelt.

Statens vegvesen krev difor at det vert sett rekkefølgjekrav om bygging av venstresvingefelt på E39 i kryss med Lonsvegen. Maksimalt 100 nye bueiningar kan tillatast innanfor områdeplanen eller øvrige utbyggingsområde langs Lonsvegen, før venstresvingefelt må vere ferdig bygd.

Statens vegvesen fremjar motsegn til dette kravet, som vegeigar for riksveg og fagmynde for vegtransport.

Kryss med fv. 57

Når det gjeld kryss mellom fv. 57 Lindåsvegen og kommunal veg, Juvikstølen, dokumenterer trafikkanalysen at krysset er overbelasta slik situasjonen er i dag. Det er i notatet vurdert ulike løysingar for å betre situasjonen, og signalregulering er vurdert som mest eigna. Dette vil kunne auke kapasiteten i krysset med 10–15%.

Statens vegvesen er samd i at signalregulering kan vere ei god løysing, og har tilrådd at det vert regulert i planen. Kommunen har imidlertid vore tydeleg på at dei ikkje ønskjer å utvide planområdet, men at kryss med fv. 57 skal regulerast gjennom endring av gjeldande plan for kryssområdet.

Statens vegvesen har bede om to rekkefølgjekrav for krysset med fv. 57:

1. Signalregulering av krysset må vere gjennomført før igangsetjing av første bustad.
2. Basert på kapasitetsgrense for signalregulert kryss, må det settast krav til maks tal på bustader før fv. 57 skal vere avlasta for trafikk. Dette kravet er knytt til framtidig ny trase for fv. 57, evt. saman med E39, som avlastar vegstrekket forbi kryssområdet.

Vi vurderer at krav 1 er tilstrekkeleg ivareteke gjennom framlagte føresegn §§ 6.2 og 6.3.1. I føresegn § 6.2 vert det sett krav om at kryss mellom fv. 57 Lindåsvegen og kommunal veg Juvikstølen skal vere ferdig regulert før detaljreguleringsplanar innafor områdeplanen kan vedtakast. Vidare er det i føresegn 6.3.1 sett krav om at lyskrysset mellom desse vegane skal vere ferdig opparbeida før det kan gjevast igangsettingsløyve.

Vi kan ikkje sjå at krav 2 om maks tal på bustader før fv. 57 er avlasta for trafikk, er tilstrekkeleg ivareteke gjennom planframlegget. Lindås kommune legg til grunn at dette kan løysast gjennom plankravet for delområda, der det er sett krav om oppdatert trafikkanalyse. Statens vegvesen vurderer at dette ikkje er tilstrekkeleg, og krev at grense for bustadbygginga vert heimla gjennom rekkefølgjekrav i områdeplanen. Vi vurderer at ein maksimalt kan tillate 500 nye bustader frå området, inkludert eventuelt andre utbyggingar knytt til Lonsvegen/Juvikstølen.

Statens vegvesen fremjar motsegn til dette kravet, som fagmynde for vegtransport og forvaltar av fylkesveg.

Andre merknader

Vi gjer merksam på at før arbeid knytt til riks- og fylkesveganlegg kan settast i gong, skal byggjeplan vere godkjent av vegeigar og det må være inngått ein gjennomføringsavtale. Dette bør forankrast i føresegnene.

Konklusjon

Planframlegget tilfredsstillar ikkje omsynet til trafikktryggleik og framkome på hovudvegnettet. I lys av vår rolle som fagmynde for vegtransport og vegeigar for riksveg, ber vi om at Fylkesmannen i Vestland fremjar motsegn mot områderegeringsplan for Ostereidet.

Våre motsegn i planframlegget gjeld følgjande tema:

- Manglande rekkefølgekrav om venstresvingefelt frå E39
- Manglande rekkefølgekrav om maks tal på nye bustader før fv.57 skal vere avlasta forbi kryss med Juvikstølen.

Statens vegvesen Region vest
Med helsing

Svenn Egil Finden
fung. regionvegsjef

Carl-Erik Nielsen
fung. avdelingsdirektør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi
Hordaland fylkeskommune, Postboks 7900, 5020 BERGEN
Lindås kommune, Kvernhusmyrane 20, 5914 ISDALSTØ